



Bjørsvik Båtlag v/ Helge Blåsternæs  
Bjørsvikvegen 9  
5993 OSTEREIDET

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/853 - 20/37737

Saksbehandlar:  
Eirik Berntsen  
eirik.berntsen@alver.kommune.no

Dato:  
19.06.2020

## Melding om vedtak i utval for Areal, plan og miljø - Utviding av eksisterande flytebrygge - GBNR 231/70 Bjørsvik

**Tiltak:** Utviding av eksisterande flytebrygge  
**Byggjestad:** Gbnr: 231/70  
**Tiltakshavar:** Bjørsvik Båtlag v/ Helge Blåsternæs

### Saka er ferdig handsama i politisk utval

Saka vart handsama av utval for Areal, plan og miljø i møte den 10.06.20, der følgjande vedtak vart fatta:

«APM tar ikkje klagen til følge. APM ser ikkje at det er kome inn nye moment i klagen. APM viser til vedtak gjort 5.2.2020:

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det av APM gitt dispensasjon frå byggjeforbodet mot sjø og plankravet i kommunedelplanens arealdel (Lindås), til utviding av eksisterande flytebrygge. Dette er å anse som en mindre endring på eksisterande flytebrygge.

Den nye endringen er innenfor området som er avsatt til småbåthavn. Passasjen inn i vågen vil bli uforandra og området innafor vil verta større. Det vert også lagt vekt på at fleire får tilgang til båtplassar. APM har avhalde synfaring på området og ser at fordelane er klart større enn ulempane ved å gi dispensasjon. "

Saksutgreiing med vedtak er vedlagt.

### Vidare saksgang

Klagesaka vert sendt til Fylkesmannen i Vestland for endeleg avgjerd.

Vi gjer merksam på at Fylkesmannen i Vestland har opplyst at saksbehandlingstida er på mellom ein og tre månader.